

Møtereferat

Rådmannsgruppa i Sogn regionråd

Føremål: Møtereferat
Møtetid: 3.4.2020 kl 0930-1130
Stad: Digitalt møte
Referent: Karina Nerland
Møteleiar: Jarle Skartun

| |
|---|
| Faste deltakarar |
| Namn |
| Lars Bogstad, Kjellaug Brekklus, Stig Stark-Johansen, Ellen Njøs Lillesvangstu, Jarle Skartun, Steinar Søgaard, Øistein Søvik |
| Andre |
| Karina Nerland |

AGENDA

| Nr | Sakliste | Ansvarleg |
|----|---|-----------|
| 1 | Godkjenning av innkalling, opplegg og sakliste | |
| 2 | Referat frå sist møte 28.01.20. (vedlegg) – Kommentar: Det vert endring i representant til Breibandforum. Fleire namn var på blokka sist møte. Arnvid Hovland, Høyanger vert regionrådet sin representant i Breibandforum. Vestlandsforskning får melding om utpeikinga. Referat SR 28.02.20. Ingen spørsmål eller kommentarar. | Karina |
| 3 | Korona – status i kommunane, samarbeid -kva tenkjer og planlegg ein for? Kommunane har planlagt godt og meiner seg godt forberedt. Kan bli utfordringar knytta til helsepersonell. | |
| 4 | Desentralisert sjukepleiarutdanning, status og vidare arbeid. -Prosjektplan var utsendt til møtet. Etablert arbeidet som eit prosjekt etter å ha snakka med Nordfjord og høyrte deira erfaringar. Helge Ulvestad er prosjektleiar. Mange interesserte har meldt seg. Det er søkt kompetansetilskot for undervisning for dei som må kvalifisere seg i matematikk og norsk. Tilbod/ opplegget vil bli vurdert i løpet av våren. Må vurdere støtteordningar /vilkåra som blir tema først i kommunalsjefnettverket. Det er teke opp med høgskulen at undervisning bør vera i Sogndal og meir digitale løysingar. Følgjer opp dette vidare med høgskulen. Innspel i møtet: Digitale løysingar og undervisning i Sogndal er viktig tiltak for å få fleire til å kunne ta studiet, studiet bør vera tilbod også i 2023 og gjere ei fordeling av studieplassar mellom kommunane. | Karina |

| | | |
|---|---|-----------------|
| 5 | Miljøretta helsevern , «korleis få tenesta opp å gå igjen» -Vedkommande som eig stillinga er i permisjon. Det har ikkje lukkast å skaffa vikar. Sogndal vurderer løysingar for at tenesta får eit fagmiljø, noko som vil styrke rekrutteringa. T.d. kan tenesta aukast med ei stilling eller halv stilling og kopling med anna fagmiljø. | Ellen |
| 6 | IKT- faggruppa ynskjer ei drøfting på kva samarbeidsområde som bør prioriterast. -Møtereferat frå IKT-faggruppa var utsendt til møtet. Kommunane har ulike løysingar. Felles opplæring og erfaringsdeling vil framleis vera viktig. Det var tilslutting til at gruppa blir utvida slik at dei 7 kommunane har ein representant kvar og så vil ein vurdere samarbeidsområde nærare. | Alle |
| 7 | Fornyingsmidlar – regionråda er oppmoda om å gje uttale. Oversikt over søknadane til Fylkesmannen på Vestland vart utsendt til møtet. Oversikta inneheld berre prosjekttittel og søknadssum, ikkje omtale av prosjektet. Ingen har tilgang til portalen pr no. Det kan leggjast inn «eit godt ord» for våre søknadar og elles kommentera at prosjekt med overføringsverdi bør prioriterast og at fylkesdekkande prosjekt av nyvinnande karakter bør prioriterast. | Karina og Jarle |
| 8 | Interkommunale samarbeid -jf oversyn utsendt 27.03. Ingen innspel eller kommentarar i dette møte, kjem tilbake til saka. | |
| 9 | Div val: -Programstyret System for styrka læring: Det var tilslutting til forslaget til kommunale representantar: Rådmann: Jarle Skartun, Luster, vara: Kjellaug Brekkhus, Høyanger Skulefagleg ansvarleg: Ole Gunnar Krakhellen, Sogndal vara: Odd Einar Fimreite, Årdal Rektor: Ingrid Steine Bortne, Aurland, vara: Kjell Ertesvåg, Sogndal Styrar: Linda Midtun, assisterande styrar, Luster, vara: Hilde Valvik Menes, Sogndal PPT: Vibeke Fusche Moe, Indre Sogn PPT, vara: Karin Uglum, Sogn PPT Dei som alt er valde er: Ordførar: Roy Egil Stadheim, Vik, vara: Audun Mo, Lærdal (begge valde) I tillegg inviterer vi med eksterne : Statped Vest, UE, KS, Utdanningsforbundet. -Styringsgruppa Sogn for alle: Det var tilslutting til forslaget til kommunale representantar: Ein representant frå operativ flyktingteneste: Turid Stigen Sørensen, NAV flyktingtenesta Aurland/Lærdal, vara: Nina Osdalen, Sogndal Ein representant for næringsapparatet i kommunane: Torgeir Skålid, Sogn næring, vara: Olav Grov, Luster. Dei som alt er valde er: Ordførar: Hilmar Høl, Årdal og rådmann: Øistein Søvik, Vik (begge valde). I tillegg skal kvar kommune peika ut ein kontaktperson til prosjektet, jf epost 27. mars. -Rådmannsutval/Helse Førde: Kjellaug representerer rådmannsgruppa. | Alle |
| | 10. Referat/ymse – -Koordinator for regionalt psykolognettverket – nettverket skal vera fora for kollegastøtte og fagleg utvikling. Jf satsinga og rapporten i fjor om psykologsamarbeid. Vi fekk fornyingsmidlar i 2019 på kr 250 000 til denne koordinatorfunksjonen, men så langt ikkje lukkast å få interesserte psykologar til å melda seg ved interne utlysingar. - Status i høve psykologtilsetjingar i regionen er 5 kommunepsykologar på plass og 2 stillingar blir lyst ut no. | Karina |

